

## FØRESEGN

### Detaljregulering for Bjørnestø Småbåthamn.

PlanID: 1263-201401.

Dato: 05.11.2015

Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påverke tryggleik eller framkomst i sjøområdet, krev løyve frå Bergen og omlag havnevesen (BOH). Søknad vert å sende til BOH i god tid før tiltaket vert iverksett.

### 1. Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr 1)

#### 1.1. Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

##### 1.1.1 Småbåtanlegg

Det kan etablerast småbåtanlegg (flytebyggje) med 20 båt plassar innan for området f\_S. Det kan etablerast tilkomstbru frå G til småbåtanlegget i f\_S. Tilkomsbrua skal leggast slik at ein småbåt/robåt kan passere under brua på flo sjø til område N.

#### 1.2. Uthus/naust/badehus

##### 1.2.1 Naust

Område er delt opp i N (eksisterande naustområde) og f\_N Naustrekke. Innanfor N er det eit naust, slipp og kai. Ingen endring i tal naust og ingen endring i bruk. I naustområdet, f\_N, kan det innanfor byggegrensa førast opp maks 5 naust/naustrekke, eller fellesnaust. Naust skal ikkje nyttast til varig opphald og overnatting.

##### 1.2.2. Utnytting f\_N

Maks areal naustrekke = 207 m<sup>2</sup> BYA/BRA.

Enkeltnaust (del av naustrekke)

- 1 etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m<sup>2</sup>.
- Garnloft skal ikkje ha målbart areal.
- Areal vindauge/ dagslysflate skal ikkje overstige 3 % av BRA.
- Det skal etablerast maks 4 boder i kvart naust.

##### 1.2.3. Høgde

Mønehøgde skal være maks 5 m målt frå topp ferdig golv. Knevegg på loft er ikkje tillate.

##### 1.2.4. Terrenqtilpassing

Ved byggjemelding skal det leggast fram snitt som syner parkeringsplass, naust/naustrekke, planert terreng og havnivå. Området f\_N skal ha ei planert høgde på maks 6 moh (meter over havnivå).

##### 1.2.5. Støttemur

Støttemur - maks høgde på 1,5 meter. Natursteinsmur skal ikkje ha ein brattare helling enn 3:1.

##### 1.2.6. Estetiske forhold

Nausta skal ha saltak med takvinkel mellom 35 og 45 grader. Garnloftet kan ha vindauge. Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate.

## **2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr 2)**

### **2.1. Veg**

#### 2.1.1. Bruk av veggrunn

Veg f\_V - felles for dei som har naust og båt plass i småbåthamna.

Veg o\_V er del av Vabuvegen Kv1205 - kommunalveg.

#### 2.1.2. Gangveg G

Gangveg/sti frå parkeringsplassen og ned til båtanlegget. Gangvegen skal ha ein bredde mellom 1,2 – 1,5 m.

#### 2.1.3. Avkjørsel /veg

Det skal vere avkjørsel frå offentleg veg (o\_V) til felles veg (f\_V) .

Det skal ikkje plantast eller setjast opp murar som er over 0.5 m eller hindrar sikt mot offentleg veg.

Maksimal helning i avkjørsel skal vera -2,5 % dei første 5 m frå vegkant inn i f\_V.

Vegbredde minimum 3 meter.

### **2.2. Parkeringsplass**

#### 2.2.1. Parkering

Det skal lages plass til min. 7 biloppstillingsplasser for personbilar + 1 plass for rørslehemma.

Planeringshøgde parkeringsplass maks 6 moh (meter over havnivå).

## **3. Landbruks- natur- og friluftsmål samt reindrift (pbl § 12-5 nr 5)**

### **3.1. LNF**

3.1.1 Området skal brukast slik det er i dag.

## **4. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5 nr 6)**

### **4.1. Småbåthamn**

4.1.1 Området SH skal nyttast slik det er i dag.

## **5. Hensynssoner (pbl § 12-6)**

### **5.1. Sikringsone – frisikt H140**

Innanfor frisiktarealet er det ikkje tillate med murar, gjerder eller vegetasjon høgare enn 0.5 m over tilstøytande vegnivå. Terreng skal ikkje planerast høgare enn tilstøytande vegnivå.